

RAPPORT – TYNNINGSFISKE I STORAVATNET – 2008.

Flytegarn:

I januar måned var det ganske isfritt og 6 flytegarn fordelt på to lenker vart senka ned på ca 15 – 20 m djup to gonger. Dei stod 2 døger kvar gong og fangsten var ca 70 røye og 10 aurar.

I midten på mars vart 5 flytegarn sette ut i lenke i overflata, men fekk berre 1 røye. Har ikkje prøvd så tidleg med flytegarn før.

Prøvde att med flytegarn i overflata første halvdel av april, men det vart liten fangst sjølv om det vart registrert ein god del vakande fisk. Berre 50 røye på ca 60 garndøger.

Sette ut att flytegarerna i første halvdel av mai og då var fangsten 720 røye på 54 garndøger.

Neste periode med flytegarn var frå midten av juni til 23.juni. På 60 garndøger var fangsten 1024 røye.

Hadde så garna ute att frå 29. juni til 9. juli. På 54 garndøger var fangsten 767 røye.

Neste periode var frå 12. august til 19.august. Då var fangsten 510 røye på 36 garndøger.

Garna vart så sett ut att i perioden 19. september til 25. september. På 36 garndøger var fangsten 644 røye.

Siste perioden stod garna ute frå 30. oktober til 22. november. Fangsten var då 713 røye på 132 garndøger.

Gjennomsnittsvekta varierte frå ca 100 g i april til ca 126 g i august/september.

Samla fangst: 4496 røye (535 kg), 617 aure og 5 ålar.

I perioden 07. november til 22. november vart det sett ut nokre flytegarn på gyteplassar langs land. Først vart dei sett der rusa stod, men det var lite fangst. Berre 181 på 14 garndøger. Så vart dei flytta lenger mot Åsebø v/ Skipåsen. Der var fangsten 657 på 16 garndøger sjølv om det var på slutten av gytetida.

Flyterusa:

Vart sett ut 11. oktober og tatt opp 21. desember. Sette den på ein ny plass med ledegarnet rett ut frå land i eit område som det før har vore mykje innsig av gytefisk. Dei siste vintrane har det vore nokre storskarvar i vatnet og i haust var det på det meste 4 av desse fuglane. Dei heldt mellom anna til rundt rusa og ein god del av fisken hadde bitemerke og ein del låg daude. Dette vart det slutt på då ein skarv låg daud i inste fangstrommet i rusa 2. november.

Samla fangst: 618 røye, 589 aurar, 3 ålar og 1 storskarv.

Total fangst i garn og ruse: 5954 røye (690 kg), 1374 aurar, 8 ålar og 1 storskarv.

Nokre tankar om fangsten i 2008:

1. Har no hatt flytegarn og rusa ståande i stort sett same området mellom Gripavika og Ådlandsfetæ dei siste 2 – 3 åra. Når fangsten både på garn og ruse vart mindre i år enn tidlegare år, kan det vera fordi ein har greidd å redusera mengda fisk i dette området av vatnet. Fangsten i flytegarerna langs land ved Skipåsen i siste halvdel av november kan tyda på det.
2. På flytegarerna vart det tatt ein del fleire røye mellom 180 og 200 g enn før. Det kan vera teikn på meir mattilgang og at fiskemengda er redusert.

Frekhaug 07.01.09.

Arnt Brakstad